

Skatteoppgjeret 2007

Det ordinære skatteoppgjeret for inntektsåret 2007 vert lagt ut 15. oktober 2008. Dette gjeld både personlege skattyttarar, næringsdrivande og aksjeselskap.

Personlege skattyttarar / næringsdrivande (forskotspliktige)

Skattyttarar med tilgodebeløp vil få dette utbetalt i veke 42.

Restskatt forfell til betaling 5. november 2008. Dersom restskatten er over 1 000 kroner, vert 1. termin å betale innan 5. november og 2. termin innan 10. desember.

Aksjeselskap (etterskotspliktige)

Beløp til gode vil verte utbetalt i veke 42.

Resterande skatt forfell til betaling 5. november 2008.

Til orientering

Restskatt og resterande skatt skal innbetalast til Skatteoppkrevjaren i Skodje, kto. 6345 06 15295. Betalinga skal ha eit KID-nummer, sjå www.skatteetaten.no. Innbetalingsblankettane vert utsendt frå skatteoppkrevjaren i god tid før forfall.

Skatteoppkrevjaren kan svare på spørsmål som gjeld avrekninga. Skattekontoret (tlf. 800 80 000) kan svare på spørsmål som gjeld likninga. Klagefristen for det ordinære skatteoppgjeret er 5. november.

Skatelistene vil vere offentleg tilgjengeleg frå 15. oktober og i tre veker framover.

NAV Skodje opnar 3. kvartal 2009

NAV Skodje skal gje tilbod om tenester frå NAV trygd, NAV arbeid og den kommunale sosialtenesta i felles lokale.

Fram til opning i 2009 er vi tre kontor; og brukarane vil framleis få sine tenester frå NAV Skodje trygd, NAV Ålesund arbeid og sosialtenesta i Skodje kommune.

Kommunen har starta prosessen med lokalisering av NAV-kontoret, og med atterhald om kommunestyra si godkjenning vert det oppretta eit NAV-samarbeid mellom kommunane Norddal, Stordal, Ørskog og Skodje.

Kvar av kommunane vil likevel opprette sitt eige NAV-kontor i 3. kvartal 2009.



Bokgåve til alle 1-åringar i Skodje

Skodje helsestasjon og Skodje folkebibliotek har i fleire år hatt eit samarbeid om tidleg språkstimulering hos barn.

Helsestasjonen har eit opplegg for barselgruppene, der ein tek opp ulike tema knytta til barns utvikling, og samspel mellom barn og foreldre. Biblioteket tek del på barselgruppene når barna er ca. 1 år. Vi har ei orientering om tidleg språkstimulering og høgtlesing, og ein presentasjon av aktuelle bøker.

I samband med dette, har vi no fått til ei ordning som førebels gjeld frå sommaren i år og

i eitt år framover: Alle 1-åringar får eit gavekort på helsestasjonen. Dette kan dei ta med seg til biblioteket og få ei gratis bok som passar godt til høgtlesing. Bokgåva er finansiert med god rabatt frå Det Norske Samlaget og gåvemedlar frå Sparebanken Møre på Skodje.

Vi håper dette kan inspirere barn og foreldre til fine lesestunder framover.

Renovasjon

Abonnentar med sekkerrenovasjon

Det er ei lita gruppe som framleis leverer avfall i sekkar p.g.a henteavstand m.m.

Dei som framleis skal levere avfall i sekkar får utlevert nye i løpet av juni. Dei nye sekkane som skal nyttast får gult fargetrykk.

Etter den 01.08.08 vert ikkje dei gamle sekkane, d.v.s. sekkar med kvitt fargetrykk, lenger henta av renovasjonsbilen. Desse sekkane blir då ikkje gyldige lenger.

Nye, kvite ekstrasekkar

Ekstrasekkar kan kjøpast på servicekontoret. Dette gjeld alle abonnentar. Sekkane kostar kr 46,-. Dette inkluderer frakt og forbrenning.

Abonnentar som tidlegare har kjøpt ekstrasekkar, og ikkje har nytta desse, kan ta kontakt med servicekontoret.

Nyopning av Skodje barnehage

Det var høgtidsstemning då den nye avdelinga ved Skodje barnehage vart opna 18. august.

Det var ordførar Modolf Hareide, saman med ein liten hjelper, som stod for snorklippinga. Styrar Bente G. Vikhagen leia programmet og intervjuar nokre av barna, som viste at dei set stor pris på barnehagen.

Barna ved Prestemarka barnehage er no flytta til Skodje barnehage, og den samla kapasiteten er auka frå 84 til 100 plassar.

Nytt frå helsesenteret

Fysioterapitenesta

Kommunefysioterapeut Oddvar Stokkereit er innvilga permisjon frå stillinga 1 dag pr.veke i eitt år frå 1. august. Ann Kristin Sunde er tilsett som vikar. For om lag eit år sidan starta ho eigen fysioterapiklinikk på Eidsnes. Ho har 5 års erfaring med rehabilitering frå Aure Rehabiliteringssenter. Her skal ho for det meste arbeide på Skodje omsorgssenter, og vil vere her to halve dager i veka.

Jordmortenesta

Elin Skeide er tilsett som jordmor i 40 % stilling. Ho har lang røynsle som jordmor i Herøy, og har dei siste 8 åra jobba på fødeavdelinga på Ålesund sjukehus. Ho skal framleis jobbe deltid der, og skal vere på Skodje helsesenter tirsdagar og fredagar. Ho tek til i stillinga i midten av september.

Legetenesta

Ny turnuslege frå 15. august er Knut Egil Eik. Han er frå Ålesund, og har vore turnuslege på Ålesund sjukehus året før han kom til Skodje.

Kommuneoverlege Lars Lona skal ha delvis permisjon frå 1. september og ut året. Han skal framleis fungere som einingsleiar for helseavdelinga, men ha fri frå pasientretta arbeid. I denne perioden er det dr. John Espen Gjøen som har ansvar for pasientane på lista hans. Han er fødd og oppvaksen på Vigra, og var turnuslege i Ørskog våren 2008.

Dr. Olav Mestad skal ha ansvar for Miljøretta helsevern og smittevern i Lars Lona si permisjonstid.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ut ca. 12. desember. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 3. desember.

Ledige stillingar - Prestemarka

Helgastillingar

Skodje kommune treng deg som kan tenkje deg å arbeide med menneske. Vi har fleire helgastillingar ledig i ulike bufellesskap i Prestemarka bu- og dagtilbod.

Butenesta har ledige helgastillingar i ulike prosent; frå omlag 9 prosent til om lag 20 prosent, og med alternative arbeidshelger som annankvar helg, tredjekvar helg eller fjerdekvar helg. Opplæring vil bli gitt.

Har du hjartet på rette staden og er flink med menneske? Er du kanskje skuleelev og har tenkt å satse på ei helsefagleg utdanning? Eller er du heimeværande? Då kan vi vere plassen for deg!

Dersom dette er noko for deg, kan du få meir informasjon ved å vende deg til avdelingsleiar Reidun Davik eller sakshandsamar Jarl Anders Moe, tlf. 70 24 40 00. Løn etter avtale. Kort søknad kan sendast til Skodje kommune, Prestemarka bu- og dagtilbod, 6260 SKODJE. Du kan lese meir om Prestemarka under «Helse og omsorg» på Skodje kommune si heimeside.

Sjukevikarar

Prestemarka bu- og dagtilbod treng sjukevikarar til bufellesskapa våre. Så dersom du likar å arbeide med menneske, kan nettopp dette vere noko for deg. Vi tilbyr fleksibilitet og triveleg arbeidsmiljø.

Har du hjartet på rette staden og er flink med menneske? Kan du tenkje deg å arbeide som vikar ved behov? Er du kanskje skuleelev og har tenkt å satse på ei helsefagleg utdanning? Eller er du heimeværande? Då kan vi vere plassen for deg!

Arbeidet kan også bli kombinert med ei helgastilling. Opplæring vil bli gitt.



Dette skjer

SKODJE Dagane 2008

Skodje ungdomsskule og idrettshall 13.
og 14. september

Laurdag 13. september:

- 12.00 Messa opnar dørene
- 12.30 Offisiell opning av dei 25. SkodjeDagane v/ Harald Grytten Skodje Skulekorps spelar
- 13.30 Knut Ivar Bøe og Optirock
- 14.00 Kløvnen Klumse - komisk trylling, ballongfigurar og ansiktsmaling
- 16.00 Knut Ivar Bøe og Optirock
- 18.00 Slutt for i dag

Søndag 14. september:

- 12.00 Messa opnar dørene
- 12.30 Skodje Skulekorps spelar
- 13.00 Tomrefjord Skulekorps spelar
- 14.00 Barneteater v/ Eva Mørkeset
- 15.00 Trekkspelmusikk v/ Daniel og Miguel Falcon Græsdal, Kristina Bjørdal Farstad og Ingrid Johanne Fylling Nupen
- 16.00 Big Odd Band
- 18.00 Slutt for i år

Les meir om Skodjedagane på www.skodjeskulekorps.no

"Kommunenytt" er utgitt av Skodje kommune, og blir distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Redaksjon og layout: Knut Berg. Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no